



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 30.03.2021 kl. 15:15-16:30

Stad: ASKVOLL (Møtet gjekk føre seg som videomøte)

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar	
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar	
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem	
Ole Kistrup Vilnes	Medlem	
Karen Anny Espedal	Medlem	
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem	(Inhabil i sak FR 2021/16)
Jarle Magnus Vilnes	Medlem	
Ingvild Loftheim	Varamedlem	
Aud Kari Steinsland	Varamedlem	

Forfall:

Terje Mork	Medlem
Arnt Johny Langeland	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2021/8		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2021/9		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 28.01.2021	RUNE ZIENER
SR 2021/10		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2021/11		Permisjon frå soknerådet	RUNE ZIENER
FR 2021/12		Vedtak av årsmelding og årsrekneskap 2020	RUNE ZIENER
FR 2021/13		Budsjettendring – investeringsbudsjettet 2021	RUNE ZIENER
FR 2021/14		Reglar for utleige av kyrkjene	RUNE ZIENER

FR 2021/15		Val av tilbydar til rådgjevingstenester til prosjektet rehabilitering av Holmedal kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2021/16		Tilleggsressurs prosjektdel i trusopplæringsstillinga	RUNE ZIENER
FR 2021/17		Leiarlønnsvurdering	RUNE ZIENER
SR 2021/18		Offerliste 1. april-5. september	RUNE ZIENER
SR 2021/19		Gjennomføring av ekstra trusopplæringsiltak utanfor planen – hausten 2021	RUNE ZIENER
SR 2021/20		Supplerande oppnemning av medlem til trusopplæringsutvalet	RUNE ZIENER

Askvoll, 30.03.2021

Rune Ziener
referent

SR 2021/8 Godkjenning av innkalling og dagsorden

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innstillinga og saksordenen som dei ligg føre.

MØTEHANDSAMING

Kjell Olav Høstaker Nordheim sa seg inhabil i sak FR 2021/16.
Det vart sett fram forslag om å utsetje sak FR 2021/12.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innstillinga og saksordenen som dei ligg føre, men med dei merknader som kom fram under sakshandsaminga.

SR 2021/9 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 28.01.2021

UTGREIING

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 28.01.2021 som den ligg føre.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 28.01.2021 som den ligg føre.

SR 2021/10 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgande skriv, meldingar og drøftingar var oppe i møtet:

M 2021/10 Riksantikvaren: *Vilnes kyrkje - Statsbudsjettet 2021 kap 882 post 61 (BFD) - Vedtak om tilskudd til utskifting av el-anlegg* (22.01.2021)

M 2021/11 COWI AS: *Befaring utendørs (Vanntanken og servicebygget)* (02.02.2021)

M 2021/12 Trusopplæringsutvalet: *Møtereferat 10.02.2021* (16.02.2021)

M 2021/13 Askvoll kyrkjelydsutval: *Gamle brudestolar frå Askvoll kyrkje* (26.02.2021)

M 2021/14 Askvoll sokneråd: *Innspeil til kommuneplan - samfunnsdelen* (10.03.2021)

M 2021/15 Bjørgvin biskop: *Askvoll kommune- Samfunnsdelen av kommuneplanen - oppstart av planarbeid og høyring av planprogram* (11.03.2021)

M 2021/16 Soknepresten i Askvoll: *Førebels orientering om prosjekt Kystpilegrimsleia - "Perler på ei snor - meir himmel på fjord"* (19.03.2021)

M 2021/17 Trusopplæringsutvalet: *Møtereferat 10.03.2021* (11.03.2021)

M 2021/18 Kyrkjelydsutvalet i Kvammen: *Møtereferat 20.03.2021* (21.03.2021)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2021/11 Permisjon frå soknerådet

UTGREIING

Det vert vist til vedlagte skriv frå Askvoll kommune.

Kommunal representant i soknerådet, Kristin Rivedal Yndestad, er innvilga permisjon frå politiske verv i tidsrommet 1. februar til og med 31. oktober 2021 grunna foreldrepermisjon.

Som følge av innvilga permisjon, vil personleg varamedlem Aud Kari Steinsland møte fast i Askvoll sokneråd som kommunal representant i permisjonstida.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek til orientering at Kristin Rivedal Yndestad er innvilga permisjon frå politiske verv i tida 1/2-31/10 2021, og at varamedlem Aud Kari Steinsland stiller fast i rådet i perioden.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek til orientering at Kristin Rivedal Yndestad er innvilga permisjon frå politiske verv i tida 1/2-31/10 2021, og at varamedlem Aud Kari Steinsland stiller fast i rådet i perioden.

FR 2021/12 Vedtak av årsmelding og årsrekneskap 2020

UTGREIING

Årsrekneskapen 2020 er lagt fram av kyrkjeverje/rekneskapsfører 17. mars 2021 (etter fristen 22. februar). Etter økonomiforskriften for sokna i Den norske kyrkja § 17 skal rekneskap og årsmelding vedtakast innan 20. mars.

Rekneskapen er avslutta i samsvar med gjeldande strykningsbestemmelser og rekneskapen er avslutta i balanse.

Driftsrekneskapen er avslutta med kr 0,- i meir/mindreforbruk etter avsetning kr 8.435,- til disposisjonsfond (budsjettert kr 10.000,-).

Investeringsrekneskapen er avslutta med kr 0,- i udekka/udisponert etter avsetning kr 1.156.737,- til bunde og ubunde investeringsfond.

Årsrekneskap og årsmelding kan såleis vedtakast som dei ligg føre.

Årsmøte/soknemøte:

Årsrekneskapen og årsmeldinga bør presenterast i soknemøte.

I 2021 er det høve til å gjennomføre dette digitalt (som unntaksbestemmelse pga. korona).

I slikt møte bør ein også handsame forslag til ny gudstenesteordning, og denne bør vere på plass før sommaren (fristen var 30. mars).

Soknemøtet bør såleis avviklast seinast i løpet av mai måned, men ein kan vente med fastsetjing av møtedato og møteform til neste møte i soknerådet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding 2020 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

2. Årsmøtet/soknemøte for Askvoll sokn vert avhelde innan utgangen av mai måned. Ein kjem tilbake til dato og møteform i neste møte i Askvoll sokneråd.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding 2020 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

2. Årsmøtet/soknemøte for Askvoll sokn vert avhelde innan utgangen av mai måned. Ein kjem tilbake til dato og møteform i neste møte i Askvoll sokneråd.

FR 2021/13 Budsjettendring – investeringsbudsjettet 2021

UTGREIING

Parkeringsplass Vilnes

Etter budsjettvedtaket i januar, viser det seg at ein ikkje lukkast med grunnovertaking med tanke på utviding av eksisterande parkeringsplass ved Vilnes kyrkje mot aust, med nedgravd tankløysing under parkeringsarealet. For å få slutført prosjektet med vassforsyningsløysing til planlagt brannslokkeanlegg i kyrkja, vart det på synfaring på staden konkludert med at ein set ned tankløysinga under eksisterande parkeringsplass i samsvar med vedtak i soknerådet sak FR 2020/31 pkt. 1 og tidlegare godkjenningar.

Budsjettert prosjekt med utviding av parkeringsplassen (prosjekt 1005) synest difor ikkje å kunne verte realisert no.

Røromnar og belysning Vilnes kyrkje

I oktober då soknerådet vedtok budsjettsøknad for 2021 var det kjent for kyrkjevevja at det ville verte lyst ut tilskotsmidlar frå Riksantikvaren til utskifting av røromnar og el-anlegg i kulturhistorisk verneverdige kyrkjer med tildeling i 2021, der Vilnes kyrkje ville kunne vere omfatta.

I førebels budsjett/budsjettsøknad til kommunen vart dette lagt inn med stipulert totalkostnad kr 510.000,- (etter tal i tilstandsrapport frå 2019) men med 2/3 tilskot frå staten.

Då midlane vart lyst ut i november 2020 viste det seg at utskifting av belysning ikkje var omfatta av tilskotsordninga, så det vart berre søkt Riksantikvaren om tilskot til utskifting av røromnar og tilførselskablar.

Søknadssummen var kr 205.000,- av total prosjektkostnad kr 342.000,-.

I januar 2021 fekk ein tilsegn om tilskot inntil kr 205.000,- frå Riksantikvaren. Ein må såleis inn med kr 137.000,- i eigendel i prosjektet.

Frist for sluttrapportering av prosjektet er 31. oktober 2021.

I kommunen sin økonomiplan ligg det inne eit nytt prosjekt på Vilnes i 2022; utskifting av røromnar og belysning med eit tilskotssum frå kommunen på totalt kr 170.000,-.

For å vere sikre på at vi får gjort oss nytte av desse kr 205.000,-, bør ein sikre finansiering av eigendelen i prosjektet, kr 137.000,-.

Om ein vel å utsetje parkeringsplassprosjektet på Vilnes kan ein frigjere midlar til å finansiere nye røromnar.

Det er budsjettert med bruk av kr 195.000,- av ubunde kapitalfond til utviding av parkeringsplassen. Soknerådet kan omdisponere kr 137.000,- av desse.

I budsjettsøknad til kommunen for 2022/økonomiplan kan ein komme tilbake til spørsmålet om finansiering av skifte av belysning (ca. kr 150.000,-) og ny finansiering av parkeringsplassen.

Forslag til budsjettjustering

Prosjekt	Konto	Konto (t)	Utg.opp/ innt ned	Utg. ned /innt.ned
1005 Parkeringsplass Vilnes				
04200 Kyrkjær				
	42300	Byggteneste, nybygg -		-135000
	42700	Konsulenttenester		-20000
	42800	Grunnerverv		-40000
	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)		-39000
	47290	Komp. moms påløpt i inv.rekneskapen	39000	
	49400	Bruk av disposisjonsfond	195000	
Sum			<u>234000</u>	<u>-234000</u>
10xx Røromnar Vilnes				
04200 Kyrkjær				
	42300	Byggteneste, nybygg -	320000	
	42700	Konsulenttenester	22000	
	44290	Mva utanfor mva-lova (komp.)	86000	
	47290	Komp. moms påløpt i inv.rekneskapen		-86000
	48000	Tilskot frå staten		-205000
	49400	Bruk av disposisjonsfond		-137000
Sum			<u>428000</u>	<u>-428000</u>

INNSTILLING

1. For å gjere seg nytte av tilskot inntil kr 205.000,- frå Riksantikvaren i 2021 utset Askvoll sokneråd investeringsprosjekt nr 1005, Parkeringsplass Vilnes inntil vidare.
2. Ein nyttar kr 137.000,- av ubunde kapitalfond for å finansiere eigendel i prosjekt med å bytte ut røromnar og tilførselskablar i Vilnes kyrkje.
3. Kyrkjeverja innarbeider endringane i budsjettet 2021.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. For å gjere seg nytte av tilskot inntil kr 205.000,- frå Riksantikvaren i 2021 utset Askvoll sokneråd investeringsprosjekt nr 1005, Parkeringsplass Vilnes inntil vidare.
2. Ein nyttar kr 137.000,- av ubunde kapitalfond for å finansiere eigendel i prosjekt med å bytte ut røromnar og tilførselskablar i Vilnes kyrkje.
3. Kyrkjeverja innarbeider endringane i budsjettet 2021.

FR 2021/14 Reglar for utleige av kyrkjene

UTGREIING

Det vert vist til vedlagte prosessnotat, Bjørgvin bispedømme sine reglar og tidlegare drøftingar i soknerådet i saka.

Kyrkjeverja har utarbeidd eit forslag til utlånsreglement, og dette har vore på høyring hos kyrkjelydsutvala med høyringsfrist 1. mars.

Det har komme inn nokre høyringssvar

Kvammen skriv:

Kyrkjelydsutvalet i Kvammen synest summane og innhaldet i reglane for utleige er greie. Men vi har nokre kommentarar til ordlyden i nokre av punkta.

Punkt 1.

Setningen er vanskeleg å forstå, kan derfor omskrivast.

Punkt 2.

I staden for «m.v.» el «klubb...» Kan der stå barne- og ungdomsarbeid? (Ev med tillegg «i kristen regi»?)

Askvoll skriv:

(...) dei gjengjevne svara nedanfor er representative som høyringssvar frå Askvoll kyrkjelydsutval:

- For lekfolk er det alltid vanskeleg å gje uttale i økonomiske saker når det gjeld utleigetakstar, men det som står i skrevet ser ok ut. Det er viktig at bygda sjølv har høve til å bruke kyrkja for ein grei betaling, og at kyrkjelege og liknande aktivitetar er gratis.

- Synes i grunnen det var ryddige og greie takster. Kvammen kapell var rimeleg utleie på, men ved bruk av kjøkken ble det jo 800 kr og da ligger de bare 200 kr under Olset bedehus, så grønt lys fra meg!

Vurdering:

Det har ikkje komme innvendingar frå kyrkjelydsutvala til dei konkrete reguleringar og betalingssatsar som ligg i forslaget, så i hovudsak vert innstillinga i samsvar med utkastet.

Kyrkjeverja merker seg imidlertid innspel frå Kvammen til § 2.2 pkt. a, og justerer ordlyden i forslaget her.

Forslag til reglar om betaling for bruk av kyrkjene i Askvoll vert såleis:

REGLAR OM BETALING FOR BRUK AV KYRKJENE I ASKVOLL

Jamfør. Regler for bruk av kirkene vedteke av Kyrkjemøtet 15.04.2015, og Kirkeordningen §22.

Vedteke av soknerådet i sak XX/21, godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd XX/21..

§ 1 Reglane gjeld ved soknerådet sitt utlån av kyrkja og ved presten sin bruk av kyrkja til kyrkjeleg handling.

§ 2.1 Konsertar og liknande arrangement

- a) For konsert eller liknande arrangement som ikkje er gudsteneste eller oppbyggjeleg møte, er leiga for kyrkjene i Askvoll 15% av billettinntektene eller minimum kr 2 330,- som går til å dekke faktiske utgifter til straum, løn, reinhald o.l.
- b) Arrangement som inngår i soknet sitt kyrkjemusikalske arbeid får fritak frå betaling.
- c) For arrangement som ikkje har til hensikt å samle publikum (omvisningar, plateinnspelningar m.v.) vert leigesatsen fastsett av soknerådet. Administrasjonen har fullmakt til å fastsetje slik leigesats.

§ 2.2 Oppbyggjelege møte m.v.

- a) For oppbyggjelege møte og kristent barne- og ungdomsarbeid vert det ikkje kravd leige.
- b) Administrasjonen kan gje tillatelse til enkeltarrangement, men soknerådet skal godkjenne bruksavtale for aktivitetar i kyrkjene over tid.

§ 2.3 Private arrangement (gjeld Kvammen kapell)

- a) Sidesalen og kjøkkenet i Kvammen kapell kan leigast ut til private samlingar (t.d. til minnesamvær, dåpsfest, bryllupsfest).
- b) Leigesatsen er kr 500,- per gong for sidesalen med tillegg kr 300,- for bruk av kjøkkenet.
- c) Administrasjonen organiserer slik utleige

§ 3 Kyrkjelege handlingar utanfor gudsteneste

- a) For kyrkjeleg handling utanfor gudsteneste gjeld fylgjande satsar:
For kyrkjeleg handling utanfor gudsteneste er leiga kr 1 200,- inkludert kyrkjetenar. Skal kantor/kyrkjemusikar gjere teneste, vert det eit tillegg på kr 2 000,-.
For medlem av Den norske kyrkja gjeld dette likevel ikkje:
- Ved vigse når minst ein av brudefolka eller minst ein av foreldra deira er busett i kommunen.
- Ved gravferd når avdøde var busett i kommunen.

§ 4 Særskilt betaling for kyrkjemusikalske tenester i tilknytning til kyrkjelege handlingar utanomgudsteneste

- a) Øving med solist. Når kantor/kyrkjemusikar øver med solist krev ein fylgjande betaling: kr 400,-.
- b) Preluderer (speling inntil 20 minutt før start i gravferd). Når kantor/kyrkjemusikar preluderer krev ein fylgjande betaling: kr 250,-.

§ 5 Skade som vert påført kyrkja eller inventar i kyrkja i samband med utleiga skal dekkast av leigetakar.

§ 6 Askvoll sokneråd kan i særskilde høve gje dispensasjon frå reglementet og betalingssatsar etter søknad.

§ 7 Betalingssatsar etter reglementet vert indeksregulerte årleg.

§ 8 Reglementet for betaling for bruk av kyrkjene vert gjort gjeldande frå godkjenningsdato i Bjørgvin bispedømmeråd.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek reglar for betaling for bruk av kyrkjene som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Søknad om godkjenning av reglementet vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek reglar for betaling for bruk av kyrkjene som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Søknad om godkjenning av reglementet vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd.

FR 2021/15 Val av tilbydar til rådgjevingstenester til prosjektet rehabilitering av Holmedal kyrkje

UTGREIING

Restaureringa av Holmedal kyrkje ligg inne i budsjett og økonomiplan dei neste 4 åra med 1,5 millionar i årleg investeringstilskot. Truleg vil tilskotsperioden også verte utvida.

Det er sendt førespurnad til tre tilbydarar om kjøp av konsulenttenester til prosjektet. Berre SWECO AS har respondert på dette.

Askvoll sokn har tidlegare nytta SWECO mellom anna til rehabilitering av taket på Kvammen kapell og innvendig oppgradering av Kvammen kapell.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vel SWECO AS som rådgjevar i rehabiliteringsprosjektet på Holmedal kyrkje.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å inngå avtalar med SWECO AS etter vurdering av omfang av behovet for tenestene framover.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vel SWECO AS som rådgjevar i rehabiliteringsprosjektet på Holmedal kyrkje.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å inngå avtalar med SWECO AS etter vurdering av omfang av behovet for tenestene framover.

FR 2021/16 Tilleggsressurs prosjektdel i trusopplæringsstillinga

UTGREIING

I samsvar med tidlegare vedtak og stillingsutlysning har vi ein 12 månaders prosjektstilling i (30% ressurs i tillegg til fast stillingsdel 50%).

Korleis denne ressursen skal nyttast vidare har vore drøfta mellom kyrkjeverje og pedagog. Ein ønskjer no å justere planen for denne prosjektstillingsressursen slik:

Justert plan - fordeling av prosjektressursen

September 2020 til mars 2021	30 %	7 mnd
April 2021 til august 2021	10 %	5 mnd
September 2021 til desember 2021	0 %	4 mnd
Januar 2022 til oktober 2022	10 %	10 mnd

Ein hovuddel av innhaldet i prosjektressursen er å arbeide med å revidere gjeldande trusopplæringsplan.

Pedagog og utvalet har truleg ferdig innstilling til revidert plan i mars.

Det kan då vere ein fordel å skyve på den ekstra stillingsressursen, då det meste av planarbeidet er gjort, og heller nytte stillingsdelen seinare, då det vonleg er større opning for gjennomføring av tiltak.

Justert plan skal ikkje ha nokon konsekvens når det gjeld trusopplæringstilskotet frå rettssubjektet Den norske kyrkja, då prosjektressursen vert finansiert ved bunde fondsmidlar.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd justerer plan for fordeling av ekstra prosjektressurs i trusopplæringa i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd justerer plan for fordeling av ekstra prosjektressurs i trusopplæringa i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2021/17 Leiarlønnsvurdering

UTGREIING

Pga. habilitetsspørsmål ligg det ikkje føre nokon utgreiing i saka.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

Saka vart utsett.

SR 2021/18 Offerliste 1. april-5. september

UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 31. mars 2021.

Ein bør vedta offerliste nokre månader fram, men med koronasituasjonen bør ein ta særskilt atterhald om at endringar i planen kan komme raskt. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet.

Gjeldande gudstenesteplan frå 01.04.2021 til 05.09.2021:

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Type	Offer
Askvoll kyrkje	01.04.2021	18:00	Torsdag	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	04.04.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	09.05.2021	17:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	17.05.2021	10:00	Mandag	Gudsteneste	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	30.05.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Askvoll kyrkje	06.06.2021	17:00	Søndag	Gudsteneste	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	27.06.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Institutt for Sjelesorg, Modum Bad
Askvoll kyrkje	18.07.2021	15:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	08.08.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Leger Uten Grenser
Askvoll kyrkje	22.08.2021	17:00	Søndag	Gudsteneste	Norsk kyrkje i utlandet
Askvoll kyrkje	29.08.2021	11:00	Søndag	Konf.gudst.	Teleslynge/musikkanlegg Askvoll
Bulandet kapell	01.04.2021	10:30	Torsdag	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Bulandet kapell	25.04.2021	10:30	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	20.06.2021	10:30	Søndag	Gudsteneste	Bulandet kapell
Bulandet kapell	18.07.2021	19:00	Søndag	Gudsteneste	Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	22.08.2021	10:30	Søndag	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon i Bergen
Bulandet kapell	04.09.2021	13:00	Lørdag	Konf.gudst.	Bulandet kapell
Holmedal kyrkje	02.04.2021	20:00	Fredag	Gudsteneste	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	11.04.2021	11:00	Søndag	Familie-gudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	17.05.2021	11:15	Mandag	Gudsteneste	Holmedal kyrkje
Holmedal kyrkje	23.05.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Skilbrei Ungdomssenter
Lisebu	13.06.2021	15:00	Søndag	Friluftsgudsteneste	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	25.07.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Norsk kyrkje i utlandet
Holmedal kyrkje	28.08.2021	11:00	Lørdag	Konf.gudst.	Holmedal Bedehus
Krossen i Korssund	01.08.2021	14:00	Søndag	Friluftsgudsteneste	
Kvammen kapell	18.04.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Teigen leirstad
Kvammen	23.05.2021	19:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjelydens misjonsprosjekt

kapell					
Kvammen kapell	13.06.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kyrkjebladet
Kvammen kapell	04.07.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Norsk kyrkje i utlandet
Kvammen kapell	08.08.2021	19:00	Søndag	Gudsteneste	Skilbrei Ungdomssenter
Kvammen kapell	05.09.2021	11:00	Søndag	Konf.gudst.	Trusopplæringa
Vilnes kyrkje	04.04.2021	13:30	Søndag	Familie-gudsteneste	Kyrkjelydsarbeid
Vilnes kyrkje	09.05.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Haraldsplass diakonale stiftelse, Bergen
Vilnes kyrkje	06.06.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Det Norske Bibelselskap
Vilnes kyrkje	11.07.2021	11:00	Søndag	Gudsteneste	Kirkens SOS i Bergen
Vilnes kyrkje	15.08.2021	13:30	Søndag	Gudsteneste	Kirkens Bymisjon Bergen
Vilnes kyrkje	04.09.2021	11:00	Lørdag	Konf.gudst.	Vilnes kyrkje

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 01.04.2021 til og med 05.09.2021 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

Det vart sett fram forslag i møtet om at offerformål til fellesgudstenesta 01.08. i Fjaler for Askvoll, Hyllestad og Fjaler vert prosjekt Kystpilegrimsleia - "Perler på ei snor - meir himmel på fjord".

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 01.04.2021 til og med 05.09.2021 i samsvar med innkomne forslag og forslaga som vart lagt fram i møtet.
2. Askvoll føreslår at offerformål til fellesgudstenesta 01.08. i Fjaler for Askvoll, Hyllestad og Fjaler vert prosjekt Kystpilegrimsleia - "Perler på ei snor - meir himmel på fjord".

SR 2021/19 Gjennomføring av ekstra trusopplæringstiltak utanfor planen – hausten 2021

UTGREIING

Kyrkjeverja har motteke vedlagte notat frå kyrkjelydspedagogen med ønskje om gjennomføring av trusopplæringstiltaket «Z» - eit nytt trusopplæringsopplegg for ungdom etter konfirmasjonsalder no i haust. Opplegget, som er utarbeidd av KFUK/KFUM, inneber at ungdom får oppgåver knytta til det lokale kyrkjelydsarbeidet og vert betre kjent med kyrkjelyden og kyrkjelydslivet. Deltakarane i opplegget får også vere med på leirar/samlingar saman med ungdom frå andre stader i fylket. Sjå nærare info om opplegget i vedlagte brosjyre.

Trusopplæringsutvalet i Askvoll har lagt inn opplegg «Z» i forslaget til revidert trusopplæringsplan, som vonleg vil tre i kraft frå hausten.

Opplegget forutset at den lokale kyrkjelyden dekkjer kr 2.700,- av deltakaravgifta for kvar av ungdommane som er med.

Pga. påmeldingsfrist 1. juni, og at dette har økonomiske implikasjonar for soknet, bør ein fatte særskilt vedtak på om Askvoll kyrkjelyd vil gå ut med dette tilbodet før det evt. vert ein del av vedteken trusopplæringsplan.

Vurdering:

I Askvoll har ein ikkje fått gjennomført trusopplæringstiltak for denne aldersgruppa på fleire år. Med deltakarar i opplegget, vil ein leggje til rette for fleire positivt møte med kyrkja/kyrkjelyden etter konfirmasjonsalder. Opplegget «Z» kan også medverke til at ein får fleire unge inn i barne- og ungdomsarbeidet vårt på sikt.

Deltakartilskotet kan ein finansiere med bunde fond for kyrkjelydsarbeid.

Kyrkjeverja tilrår at ein set eit makstal for deltakarar på 4 – som gir ein kostnad for soknet på inntil kr 10.800,-.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd går ut med tilbod til fjorårskonfirmantane om deltaking i opplegg «Z» 2021/2022.
2. Ein set eit maks deltakartal til 4 i denne omgang.
3. Soknets betalingsandel vert finansiert av bunde fond for kyrkjelydsarbeid.

MØTEHANDSAMING

Kjell Olav Høstaker Nordheim kom med ny informasjon i saka, at kyrkjelyden sin betalingsdel pr. deltakar er i endring og vil truleg gå ned.

Han sette fram forslag om slik endring i pkt. 2:

Ein set eit maksbeløp for kyrkjelydens betaling til kr 10.000,-.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd går ut med tilbod til fjorårskonfirmantane om deltaking i opplegg «Z» 2021/2022.
2. Ein set eit maksbeløp for kyrkjelydens betaling til kr 10.000,-.
3. Soknets betalingsandel vert finansiert av bunde fond for kyrkjelydsarbeid.

SR 2021/20 Supplerande oppnemning av medlem til trusopplæringsutvalet

UTGREIING

Trusopplæringsutvalet er pr. i dag sett saman av medlemmene Karen Anny Espedal, Lillian Oddekalv Gjervik, Arnt Johny Langeland, Sigrid Lunde og Stine Solheim Rørvik i tillegg til kyrkjelydspedagogen.

Det inneber at det ikkje er nokon representant frå Værlandet/Bulandet i utvalet. Marit Veim Thistel opplyser at ho kan vere med i utvalet.

Etter gjeldande reglement for utvalet pkt. 2.2 er det soknerådet som oppnemner medlemmer i utvalet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd oppnemner Marit Veim Thistel som medlem i trusopplæringsutvalet.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd oppnemner Marit Veim Thistel som medlem i trusopplæringsutvalet.